

## Visste du at....

...Bachs juleoratorium ofte berre blir kalla juleoratoriet?

...Sally Ride i 1983 blei den første amerikanske kvinna i verdsrommet? ...matpakketransporten utført av dabbawallaer i Mumbai er eitt av verdas mest effektive transportsystem?

...Miskolc var den nest største byen i Ungarn fram til 1990-åra?

...i juli 2001 klarte John Keough, ein advokat frå Melbourne i Australia, å ta patent på hjulet?

...ei gamal fransk lov seier at ein person som har vorte sinnsjuk på grunn av lyden av mistralvinden ikkje kan straffast for eit lovbrøt, inkludert mord?

...Austfonna på Nordaustlandet på Svalbard er den største isbreen i Europa?

...den lengste elva på Island heiter Þjórsá og er 230 km lang?

...det var biskopane i Bremen som var drivkrafta bak kristninga av Skandinavia?

...«spøkjelsestre» er hegg dekt av spinn frå heggspinnmøll? ...ei av Dei nordfrisiske øyane i Nordsjøen, øya Strand i det som i dag er Tyskland, braut opp i tre mindre øyar under ein kraftig storm i 1634?

...det ikkje finst nokon redaktør på Wikipedia?

...Austfonna på Svalbard er den største isbreen i Europa?

...hovudstaden i Bhutan, Thimpu, er den einaste hovudstaden i verda utan trafikklys?

...skogen i Noreg har ein ståande masse på 735 millionar kubikk-meter?

...det heilage Fuji-fjellet i Japan var forbode område for kvinner fram til midten av 1800-talet?

...men at alle kan endra artklar og retta teksten til andre?

...det norske namnet Prøysen er inspirert av landet Preussen?

...førsteopplaget av Systema naturae, som skildra artsklassifiserings-systemet til Linné, var på berre 11 sider, medan den 13. utgåva hadde over 3000 sider? ...den gamle måleininga våg kjem frå norrønt våg, 'å vege'?

...Wiki-fillageret har over 2 millionar filer med film, lyd og bilete?

...innbyggjarane i Vannes nordvest i Frankrike stod i mot åtak frå Julius Cæsar og romarane, og at dei inspirerte til stamma ein følgjer i teikneserien Asterix? ...det ved austavind i fjordane på Vestlandet kan vera bris ved kysten og storm inne i fjorden?

... amerikamanatar slutta å migrera til varmare strøk fordi kraftverk varma vatnet for dei?

...norsk-kanadiske Torill Kove vann Oscar for beste animerte kortfilm i 2007? ... L.L. Zamenhof, mannen som fann opp esperanto, talte russisk, jiddisch, polsk og tysk og kunne lesa minst 10 andre språk?

...og at alle kan bruka dei, eller bidra med fleire?

...det kan sjå ut som om elva Bosut i Kroatia og Serbia renn motsett veg når det er sterk vind? ...soknepresten Fredrik Waldemar Hvoslef vart teken til fange og piska under Kautokeino-opprøret i 1852? ...Hutaheiti eigentleg viser til Tahiti?

... Kaffeklubben på Grønland er den øya i verda som ligg lengst mot nord?


...Nynorsk Wikipedia ligg på nn.wikipedia.org?

...Den Nordske Dale-Viise er det einaste verket av Petter Dass som heilt sikkert blei trykt medan han framleis levde?

... hypotesen om doppler-effekten, som er namngjeven etter Christian Andreas Doppler, vart testa ved hjelp av jarnbanetog og horn?

...Drammens teater er teikna av Emil Victor Langlet som òg teikna Stortingsbygget?

...«Sámi soga lávlla» vart skriven i 1906 og gjort til samisk nasjonal-song i 1986?



**WIKIPEDIA**

...det frie oppslagsverket finst også på nynorsk.